

Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021

Høyringsdokument frå kulturskulen

Kulturskulen er ikkje levna mykje plass i dokumentet trass i inngripande omveltingar både administrativt og i høve til lokalisering. Det fyrste som slår ein, er at utgreiinga er fullstendig historielaus. Eg føler difor trong til eit historisk tilbakeblikk. Det positive med tilrådinga er at ein legg til grunn at kulturskulen er heimla i opplæringslova og det faktum at kulturskulen no har fått ein nasjonal rammeplan, «Rammeplan for kulturskulen - Mangfald og fordjuping» som sikrar kvalitet i alle ledd i utviklinga av skuleslaget.

Historisk tilbakeblikk

Musikkskulen i Austrheim vart oppretta i 1983. Skulen fekk tilsett rektor i 100% stilling. Skuleslaget var ikkje ei lovpålagt oppgåve den gongen, så me levde i uvisse om framtida vår. Både statsstøtta og kommunale løyvingar gjorde det krevjande for leiinga av skulen. At skulen overlevde desse åra, skuldast at skulen hadde rektor i 100% stilling som kunne arbeidde for å utvikla musikkskulen og politikarar som verna om skulen vår.

Når ein ser tilbake på desse åra, minnest ein budsjetthandsaminga som alltid vart gjort på julemøte i den gamle kommunestyresalen. Det stod pinnekjøtt på menyen og frå kjøkkenet var det ei open luke inn til møterommet. Vedtak om musikkskulen sitt budsjett var alltid sist på programmet. Når lukta av pinnekjøtt fylte kommunestyresalen og medlemmane ikkje hadde anna i tankane enn eit godt måltid, banka dei gjennom budsjettet vårt. Dette vart ein årleg tradisjon.

Lokalisering



Musikkskulen delte i mange år rom med grunnskulen. Me kunne ikkje eingong drøyma om egne lokale. Når Årås skule vart bygd, fekk musikkskulen likevel tilbod om å overta Austrheim skule. Slik



underteikna vurderte situasjonen den gongen, var samkvem og sambruk med grunnskulen så viktig at me flytta etter til Årås skule.

Grunnskulen utvikla seg etter kvart slik at dei stadig kravde fleire rom, så det vart vanskelegare og vanskelegare for musikkskulen å finna plass til våre aktivitetar. Når legesenteret og helsestasjonen vart frigjort, var det difor heilt naudsynt og naturleg å flytta til eigne lokale. Då fekk me oppleve kor fantastisk det var å sleppa å rydda vekk arbeidsplassen sin kvar kveld. I våre dagar ville me heller ikkje godteke å undervisa i rom som ikkje var reingjort etter ein lang skuledag.



Kommunen sitt kulturskulesenter

I dag har kvar lærar sitt undervisningsrom på kulturskulen. Å dela lokale med grunnskulen er difor ikkje ei løysing me nokon gong vil gå tilbake til. Kulturskulen har såleis alt no sitt kulturskulesenter så det treng ikkje kommuneleiinga bruka krefter på.

Kulturskulen har fram til koronakrisa vore litt desentralisert. Det vil seia at ei lita gruppe pianoelevar har fått undervisninga si i eit trist gamalt musikkrom på Kaland skule utan å ta del i det pulserande livet ein finn på kulturskulen. Alle andre aktivitetar går føre seg på kulturskulen. Koronakrisa har ført til at alle elevane får undervisninga si i kulturskulen sine lokale. Dette er så positivt at me vil halda på denne ordninga også etter at koronakrisa er over.

Vert heile ungdomssteget flytta til Årås, vil mange fleire kulturskuleelevar frå Kaland kunna gå til undervisninga på kulturskulen. I tillegg ligg kulturskulen sjølvsagt også i gangavstand til Austrheim vidaregåande skule.



Kulturskulesenter på Kaland

Forslaget om å byggja opp eit nytt kulturskulesenter på Kaland, ville vera svært øydeleggjande for kulturskulen sine elevar og foreldre. 90 % av elevane måtte då køyrast til Kaland kvar veke. Mange elevar ville ikkje koma seg til Kaland før foreldra kom frå arbeid. Lærarane måtte starta arbeidsdagen sin seinare. Undervisningsrom som grunnskulen hadde brukt, måtte også vorte reingjort før kulturskullærarane kunne starta arbeidsdagen.

Kompetansekrav for tilsetjing i kulturskulen.

1. For tilsetjing i undervisningsstilling skal det normalt krevjast:
Høgare kunstfagleg utdanning i utøvande og / eller skapande kunstfag, tilpassa undervisningsoppgåvene for stillinga. Som minimum blir kravd tre års kunstfagleg utdanning. Krav om praktisk – pedagogisk utdanning gjeld alle.

Alternativt:

Faglærerutdanning med minimum 120 studiepoeng kunstfag.

Skoleeigaren kan i særlege tilfelle tilsette søkjarar som ikkje tilfredsstillir desse krava dersom dei kan dokumentera tilsvarande kompetanse.

2. For tilsetjing i leiarstilling i kulturskulen skal det krevjast same faglege kvalifikasjonar som ved tilsetting i undervisningsstilling. Leiarar skal ha minst tre års erfaring frå kulturskole og relevant leiarutdanning og / eller erfaring.

I innstillinga frå kommuneleiinga vil ein leggja kulturskulen administrativt under rektor på Kaland skule. Eg kan ikkje sjå at rektor på Kaland skule fyller desse krava. Sett i lys av at kulturskulen skal vera ein ressurs og samarbeidspart til m.a. grunnskulen, vil ein kulturskule som er underlagt grunnskulen gje eit dårleg utgangspunkt for eit slikt samarbeid.



Konklusjon / tilråding

- **Lokalisering**

Kulturskulen har sitt kulturskulesenter i noverande lokale. I ei utviding av kulturskuletilboda der skulen treng større rom (f.eks dans) , vil det vera naturleg å søkja mot grunnskulen, men fyrst Årås skule som ligg nær kulturskulen sine lokale og nær kommunesenteret der brorparten av borna bur.

- **Administrativ plassering**

Noverande rektor i kulturskulen går av med pensjon i 2021. Det er då naturleg å lysa ut ei full stilling i kulturskulen. Dette er den sikraste og kanskje den einaste måten å få gode søkjarar til stillinga. Det er sjølv sagt naturleg at dette vert den framtidige rektoren i kulturskulen. Det finnest ingen grunn til å innføra eit avdelingsleiarnivå til å leia kulturskulen. Rektor i kulturskulen må finna sin plass direkte under kommunalsjef slik andre rektorar er plassert. Berre slik kan ein sikra ei god utvikling av kulturskuletilbodet i kommunen.

Dette er høringsuttalen til Austrheim kulturskule.

Mastrevik, 18.12.2020

Steinar Ebbesvik

